

Stiller ut  
sjølvlagde  
kjolar

SIDE10 OG 11



At kle også kan vere kunst er kjolane til Cathrine Yksnøy eit bevis på. I sommar stiller ho ut kjolane sine for første gong i Galleri Bjørk i Ørsta.

Cathrine Yksnøy frå Hovdebygdha har laga kjolar sidan ho var åtte år, men det er først no ho satsar på klesdesign som yrkesveg.

### "Cathy"

I juni starta ho opp med eigen nettstad for klesmerket "Cathy", og i tre laurdagar framover stiller ho ut kjolar, og vesker i Galleri Bjørk i Ørsta.

- Eg har utdanning innan vev og tekstil, med kjole- og draktsaum som valfag. Og eg har

alltid elska kjolar. Det er kjekt å ha noko unikt, og difor har eg laga mange spanande og utradisjonelle kjolar til meg sjølv. Det har folk lagt merke til, og eg har sydd ein del kjolar på bestilling, fortel Cathrine, som også er utdanna blomsterdekoratør.

- Men no er det kjolar som gjeld. Eg er heime med minstemann i familien medan eg syr, og trives kjempegodt med det, slår ho fast.

### Elskar fargar

Ein kan kanskje sjå att litt av blomsterdekoratøren i kjolane til Cathrine likevel, for det går mykje i blomar og fargar når ein ser på kjolane hennar.

- Ja, eg elsker fargar. Om nokon vil bestille ein meir nøytral kjole så lagar eg det, men er det opp til meg vert det mykje fargar, smiler ho og fortel at det kan variere mykje kor lang tid ein bruker på å lage ein kjole.

- Noko kjem til meg med det same, og eg syr kjolen fort ferdig. Andre gonger kan eit prosjekt ligge i bakhovudet i dagevis eller vekevis før eg får gjort kjolen ferdig, seier ho.

Kjolane til Cathrine er dessutan heilt unike.

- Eg lagar berre ein av kvar kjole, og i ein størrelse, men for arbeidsantrekk kan eg gjere unntak, seier ho.

### Inspirert av det nostalgiske

Kunstnar Marita Bett Jensen gler seg til å få selskap i galleriet.

Ho opna Galleri Bjørk i februar, og stiller ut måleri-serien "Blått til lyst" parallelt med utstillinga av Cathrine sine kjolar.

- Samarbeidet byrja med at Cathrine besøkte galleriet, som også fungerer som atelier, veka før eg opna utstillinga. Då utfordra eg henne til å lage ein kjole til meg som var inspirert av måleri-serien. Etter ei stund stod eg med kjolen "Mai gøy" i handa. Eg la merke til at kjolane hennar harmonerte med utstillinga, kanskje fordi vi begge er inspirert av nostalgiske element i formspråket vårt og fordi vi jobbar med ein beslektet fargepalett. Då inviterte eg henne til å presentere produkt sine i galleriet, noko som har resultert i ei svært vakker og heilskapleg utstilling, seier Marita Bett.

Og gallerieigaren er ikkje redd for å kalle kle for kunst.

- Cathrine sine kjolar er små kunstverk som gir ein estetisk oppleving på grunn av dei mange artige detaljar, harmoniske fargesammansetningane og dei spanande linjeføringane. Kvar kjole er sjølvlagde, og det ligg ein tanke bak kvar og ein. Kjolane har til og med eigne titlar som gir vidare assosiasjonar, påpeikar ho.

### Både til dans og bollebakning

Og som Marita Bett seier manglar det ikkje på nostalgi i kjolane til Cathrine.

- Alle kjolane har noko gammalt med sjel i seg. Det kan vere eit gammalt slips, gardiner, ein gruteklut eller gammalt klesstoff, fortel ho, og legg til at ho lagar kjolar for alle.

- Eg lagar kjolar både for dei som berre nyttar kjolar på fest, og dei som likar å gå med kjolar til kvardags. Ein kan nytte kjolane mine både når ein er på dans og når ein bakar bollar, avsluttar ho og legg til at kjolane er til sals medan dei stillast ut.

✉ MARIA DYRHOL SANDVIK

## Fargerik kjolekunst



\* Cathrine Yksnøy med to av sine mange, fargerike kjolar.



\* Eigar av Galleri Bjørk, Marita Bett Jensen og kjoledesignar Cathrine Yksnøy. Saman stiller dei ut nostalgiske kjolar og bilete i sommar.